

FJELL KOMMUNE
Postboks 184
5342 STRAUMEDato: 17.09.2018
Vår ref.: 2018/10639-9
Saksbehandlar: runalan
Dykkar ref.: 2126/11176

Fylkeskommunalt investeringstilskot 2018 turnhall Straume idrettspark i Fjell kommune

Vi viser til dykkar søknad om fylkeskommunalt investeringstilskot for 2018.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildelte kr. 1 000 000,- til turnhall Straume idrettspark i møte den 12.september 2018.

Føresetnader for tilskotet

Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysingar ein finn påkrevd for sin kontroll.

Anleggseigar pliktar å halde anlegget ope for allmenn idrettsleg verksemd i 30 år frå motteke tilskot. Anlegget skal haldast ved like slik at det ikkje forfell meir enn det som følgjer av normal slit og elde.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/10639-9

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har motteke og handsama EHF-faktura med rett merking med saksnummer og ressursnummer. Vi ber om at de sender inn elektronisk faktura seinast innan oktober d.å.

Dersom de ikkje har høve til å sende inn elektronisk faktura, kan de ta kontakt med rådgjevar Rune Åland på tlf. 488 94 012 eller e-post rune.aland@hfk.no

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er rett, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake snarast.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Rune Åland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.